



Vestnes  
kommune



midt i blinken

**Plan for tilsyn med barnehagane i  
Vestnes kommune  
2019-2023**

## Lovheimel for tilsyn

Kommunen som barnehagemyndighet skal føre tilsyn med alle barnehagar i kommunen etter §§ 8 og 16 i Lov 17. juni 2005 nr. 64 om barnehagar.  
(Barnehagelova)

### § 8. Kommunens ansvar

*Kommunen er lokal barnehagemyndighet. Kommunen skal gi veiledning og påse at barnehagene drives i samsvar med gjeldende regelverk. Kommunen har plikt til å tilby plass i barnehage til barn under opplæringspliktig alder som er bosatt i kommunen, jf. § 12a. Utbyggingsmønster og driftsformer skal tilpasses lokale forhold og behov. Kommunen har ansvaret for at barnehagetilbudet til samiske barn i samiske distrikt bygger på samisk språk og kultur. I øvrige kommuner skal forholdene legges til rette for at samiske barn kan sikre og utvikle sitt språk og sin kultur. Hver kommune skal opprette og føre register til bruk for Arbeids- og velferdsetaten i forbindelse med kontroll av beregning og utbetaling av kontantstøtte etter kontantstøtteloven. Registeret kan samkjøres mot Arbeids- og velferdsetatens register over mottakere av kontantstøtte. Departementet gir forskrifter med utfyllende bestemmelser om føringen av registeret, hvilke opplysninger registeret skal inneholde og behandlingen av disse opplysningene. Kommunen har rett til innsyn i dokumenter og adgang til barnehagelokaler i den utstrekning dette anses nødvendig for å ivareta kommunens oppgaver. Kommunen forvalter de statlige øremerkede tilskuddene til ikke-kommunale barnehager i kommunen. Kommunen kan ikke avkorte det kommunale tilskuddet etter § 14 som følge av et slikt statlig tilskudd.*

### § 16. Tilsyn

*Kommunen fører tilsyn med virksomheter etter denne lov. Kommunen kan gi pålegg om retting av uforsvarlige eller ulovlig forhold ved godkjente eller godkjenningspliktige virksomheter. Hvis fristen for å etterkomme pålegget ikke overholdes, eller hvis forholdet ikke lar seg rette, kan kommunen vedta tidsbegrenset eller varig stenging av virksomheten. Kommunens stengingsvedtak skal sendes fylkesmannen til orientering. I stedet for eller i tillegg til stenging av virksomheten, kan kommunen bruke økonomiske reaksjoner overfor ikke-kommunale barnehager dersom krav etter § 14 a, eller forskrift i medhold av samme bestemmelse, ikke er overholdt. Vedtak om retting og stenging og vedtak om anvendelse av økonomiske reaksjonsmidler kan påklages til fylkesmannen.*

I Vestnes kommune er gjennomføringen av tilsyn delegert til administrasjonssjefen v/kommunalsjef for oppvekst. Tilsynsansvarleg gjennomfører tilsynet saman med barnehagerådgjever.

Tilsyn med barnehagane er ei kontinuerleg oppgåve. For å sikre kontinuitet, systematikk og gode rutinar i tilsynsarbeidet er det nødvendig at kommunen har ein plan for tilsynet. Planen skal vere kjent for barnehageeigarane, tilsette og føresette.

## Formålet med tilsyn

- Tilsyn skal sikre at barnehagen blir driven i tråd med lover, forskrifter og kommunale vedtak.
- Tilsyn gir barnehagemyndighet innsyn i drifta av barnehagen.
- Tilsyn skal sikre at eigaren av barnehagen er bevisst ansvaret for verksemda i barnehagen.
- Tilsyn skal vere eit verktøy for å sikre god kvalitet i barnehagen.
- Tilsyn skal vere eit verktøy for å sikre barna gode oppvekstvilkår.
- Tilsyn er dialog om verksemda og dannar grunnlag for samarbeid.

## Ulike former for tilsyn

### ➤ **Varsla tilsynsbesøk**

Ved varsla tilsynsbesøk nyttar vi enten systemrevisjonsmetoden eller dialogbasert metode.

- Systemrevisjonsmetoden fangar opp dei instrumentelle sidene ved barnehagedrifta. Dette er eit tilsyn for å fastslå om aktivitetar og tilhøyrande resultat er i samsvar med krav fastsatt i lov eller forskrift. Element i metoden er gjennomgang av dokument i forkant og så intervju av personar på ulikt nivå. Ved hjelp av denne metoden kan ein sjekke ut mange lovlighetsområde i eit tilsyn.
- Dialogbasert metode fangar opp dei institusjonelle sidene ved barnehagedrifta. Dette er tilsyn der kommunen er ein samtalepartner og ei støtte for personalet i arbeidet med innhald og kvalitet. Denne metoden stiller større krav til tilsynsmynde sitt faglege og juridiske skjøn. I denne metoden går ein djupare inn i utvalte tema.

### ➤ **Tilsynsbesøk utan varsel**

Tilsyn utan varsel kan utførast når tilsynsmynde av ulike årsakar finn det nødvendig. Slike tilsyn kan bli gjennomført sporadisk, eller dersom kommunen får melding om uforsvarlege eller ulovlege forhold.

### ➤ **Synfaring i barnehagen**

Synfaring i barnehagen skjer oftast i samarbeid med tilsynsmynde etter anna lovverk, t.d.

- Brannvesen
- Helsemyndigheit
- Plan – og bygningsmyndigheit
- Eigedomsdrift.

### ➤ **Eigenmeldt tilsyn**

Eigenmeldt tilsyn er skjema utarbeidd av tilsynsmynde. Her er både avkryssing, spørsmål og plass til kommentarar. Dette er eit instrumentelt tilsyn som lett kan avdekke om aktiviteten er i samsvar med lov og forskrift.

### ➤ **Dokument tilsyn**

Dette er ei vurdering om aktuelle dokument inneheld det lov og forskrift krev, og som kan sei noko om verksemda. Dette er dokument som:

- Barnehagen sine vedtekter.
- Barnehagen sin årsplan.
- Årsmelding via basil-udir.
- Brukarundersøkingar

## Rutiner og ansvar ved varsla tilsynsbesøk

- Tilsynsansvarleg:
  - Sender ut varsel om tilsyn minst 3 veker før planlagt gjennomføring. Varselet skal innehalde tidspunkt, lovheimel, tema, førehandsdokumentasjon, kven som skal delta og kva metode/form tilsynet skal ha. Tilsynsplanen skal leggest ved.
  - Metodar/form for tilsynsbesøk varierar mellom systemrevisjonsmetode, dialogbasert metode og/eller synfaring.
  
- Styrar/einingsleiar:
  - Førehandsdokumentasjonen ein bed om i varslingsbrevet, skal sendast tilsynsansvarleg seinast ei veke før tilsynet.
  
- Styrar/einingsleiar:
  - Gjer avtalar med dei som skal vere med på tilsynet frå barnehagen, td.:
    - Foreldrerepresentant.
    - Pedagogisk leiar.
    - Fagarbeidar/assistent.
    - Representant frå eigar i privat barnehage.
  
- Tilsynsansvarleg:
  - Rapport frå tilsynet skal sendast barnehagen etter gjennomføringa av tilsynet.
  - Rapporten skal gje melding om eventuelle lovbrøt og merknader.
  - Rapporten skal gje frist for å sende inn ein plan for korleis eventuelle lovbrøt og merknadar vil bli retta opp.
  - Rapporten skal gje informasjon om at lukking av lovbrøt er eit enkeltvedtak og kan klagast Fylkesmannen i Møre og Romsdal.
  - Barnehagen kan stengast mellombels i påvente av utbetring av lovbrøt.
  - Barnehagen kan stengast varig.
  - Avvik kan bli meldt til kommunestyret via driftsrapport.

## Kva kan dei ulike tilsyna innehalde

Tilsynet skal sjå til at lover og forskrifter blir følgde, og at barnehagen blir driven på ein forsvarleg og lovleg måte. Dette inneber mellom anna:

- Barnehagane skal drivast med forsvarleg bemanning.
- Utstyr, lokale og uteområde må vere i forskriftsmessig stand.
- Barnehagane leverer årsmelding.
- Barnehagane skal ha ein årsplan som er utarbeidd i tråd med lov om barnehagar og rammeplan for barnehagar.
- Innhaldet i barnehagen skal vere i tråd med krava i lov og forskrift.
- Barnehagane skal ha vedtekter i samsvar med krava i barnehagelova § 7.
- Barnehagane skal ha utarbeidd internkontroll rutiner.
- Vernerunder skal vere ein del av HMS-rutinene.
- Alle som arbeider i barnehagen skal legge fram politiattest.

- Barnehagen sitt personale, foreldre og barnehagen sitt samarbeidsutval kan varsle kommunen dersom dei meiner at barnehagen blir driven uforsvarleg eller ulovleg.
- Foreldremøte og møte i samarbeidsutval skal fungere i tråd med lover og forskrifter.

Tilsyn etter barnehagelova kan omfatte alle myndigheitskrav som er stilt i lov og forskrift.

### **Plan for tilsyn 2020-2023**

2020:	Eigenmelding i oktober/november.
2021:	Tilsynsbesøk i 7 barnehagar i oktober/november etter systemrevisjonsmetoden.
2022:	Eigenmelding i oktober/november.
2023:	Tilsynsbesøk i 7 barnehagar i oktober/november etter dialogbasert metode.

Barnehagemynde kan i tillegg til tilsynsplanane utføre både varsle og uvarsle tilsyn når mynde av ulike årsakar finn det nødvendig.